

Hol kommune

3576 HOL

## **UTTALE TIL AREALPLANEN FOR HOL**

Medlemmene av Holsåsen utmarkslag as sendte innspel til arealplanen på eit tidleg tidspunkt, og me tok utgangspunkt i det som både på møter og i skriftleg form vart lagt stor vekt på – arealutveksling. Me justerte fleire områder innan vårt planområde ved å ta ut og legge inn slik at planen vart betre. Arbeidet vart gjort med hjelp av Arkitekthagen.

Når me seg på kva som har skjedd med innspela våre blir me både skuffa og lei oss. Me kan ikkje sjå at dei er seriøst behandla i forhold til arealutveksling og bedring av planen – det heile er berre sett på vent. Me hadde forventa ein prosess der problematikken me hadde fokusert på vart teken på alvor.

Det er derfor vårt håp at det blir sett på vårt innspel på nytt då me meiner me har halde oss nettopp til det kommunen ba om.

3576 HOL 26.5.24

For Holsåsen utmarkslag as

Knut Medhus

styreleiar